



Bryne er byen på Jæren og er kommune- og skulesenter i Time kommune. Regionsenteret Bryne er drivkraft for næring, læring og kultur. Time kommune har om lag 18 000 innbyggjarar. I Brynebyen bur det ca. 10 000 innbyggjarar og det er lett å koma hit. Med toget tek det 30 minutt frå Stavanger, 15 minutt frå Sandnes stasjon og 35 minutt frå Egersund.

Instruktør skulekorps Time kulturskule

Om arbeidsplassen

Time kulturskule er ein kulturskule med ca 540 elevar fordelt på fagretningane musikk, dans, teater, kunstfag og skapande skrivning. Vi har hovudbase på Bryne. Kulturskulen har tett samarbeid med alle fem skulekorps i kommunen og dei som har sitt arbeid i skulekorpsa er tilsette i kulturskulen. Alle skulekorpsa har eige styre som står for all drift av skulekorpset. Kulturskulen har 24 tilsette der alle bidreg til eit kreativt og godt arbeidsmiljø.

Me søker

Time kulturskule har ledig stilling som instruktør for medlemmar i Lye skulekorps og Frøyland skulekorps. Begge korpsa har same hovuddirigent og det er samarbeid mellom korpsa ved ulike prosjekt. Vi søker etter instruktør i ca 24% med utdanning på høgskulenivå/universitet innan fagområdet messing.

Om arbeidsoppgåvene

Tilsette i skulekorps er del av personalet i Time kulturskule. Dirigentar og instruktørar i skulekorps har eigen fagseksjon og deltek i samarbeid med dei andre fagseksjonane ved skulen. Instruktør samarbeider med dirigent og styret i skulekorpset. Arbeidsoppgåvene er i hovudsak individuell- og gruppeundervisning

Me tilbyr

Me tilbyr ein arbeidsplass med mykje godt humør, tett samarbeid og stå på vilje! Ved behov kan korpsa utvida stillinga, dette kjem an på antal medlemmar. Me gler oss til å få deg med på laget vårt!

Andre krav

Der er krav om politiattest. Det er fordel med førarkort og eigen bil.

Søknadsfrist 31.05.2016

Utlyst dato 13.05.2016

Vårref

839

Kontaktperson

Astrid Fjeld, Rektor, tlf: 51 77 64 10, mobil: 482 93 505